



Saksbehandler: Filippo Ballarin

Kommunedirektør: Filippo Ballarin

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--------------|------------|
| 043/24 | Formannskap | 29.05.2024 |
| 060/24 | Kommunestyre | 11.06.2024 |

Felles Veteranplan på Haugalandet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret i Etne Kommune vedtar Felles veteranplan for kommunane på Haugalandet slik den ligg ved saka
2. Etne Kommune yter årleg støtte til Veteranhus på Haugalandet med kr. 1,- per innbygger, forutsett at øvrige kommunar yter tilsvarende støtte, og forutsett at veteranhuset vert organisert med eige organisasjonsnummer

Vedtak som innstilling frå Formannskap - 29.05.2024 - 043/24

Tilråding frå Formannskap: samrøystes

1. Kommunestyret i Etne Kommune vedtar Felles veteranplan for kommunane på Haugalandet slik den ligg ved saka
2. Etne Kommune yter årleg støtte til Veteranhus på Haugalandet med kr. 1,- per innbygger, forutsett at øvrige kommunar yter tilsvarende støtte, og forutsett at veteranhuset vert organisert med eige organisasjonsnummer

Formannskap 29.05.2024:

Behandling:

F- 043/24 Vedtak:

Tilråding frå Formannskap: samrøystes

1. Kommunestyret i Etne Kommune vedtar Felles veteranplan for kommunane på Haugalandet slik den ligg ved saka
2. Etne Kommune yter årleg støtte til Veteranhus på Haugalandet med kr. 1,- per innbygger, forutsett at øvrige kommunar yter tilsvarende støtte, og forutsett at veteranhuset vert organisert med eige organisasjonsnummer

Kommunestyre 11.06.2024:

Behandling:

K- 060/24 Vedtak:

Samrøystes

1. Kommunestyret i Etne Kommune vedtar Felles veteranplan for kommunane på Haugalandet slik den ligg ved saka
2. Etne Kommune yter årleg støtte til Veteranhus på Haugalandet med kr. 1,- per innbygger, forutsett at øvrige kommunar yter tilsvarende støtte, og forutsett at veteranhuset vert organisert med eige organisasjonsnummer

Saksutgreiing

Samandrag

Den felles veteranplanen for kommunane Utsira, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn, Sveio, Etne, Sauda, Suldal og Vindafjord skal spegle det viktige oppdraget veteranane har utført for fred og fridom gjennom sine internasjonale operasjonar.

Det er et samfunnsansvar å ivareta veteranar frå internasjonale operasjonar. Sidan 1947 har over 100.000 nordmenn tenestegjort i internasjonale operasjonar. Dette omfattar ca. 120 operasjonar på fire kontinent. Det finnes også politiveteranar i våre kommunar, men tall på disse har vi ikke. Denne interkommunale veteranplanen bygger på stortingsmelding nr. 15 (2019-2020), og regjeringa sin oppfølgingsplan og målsettinga er å auke anerkjenninga, ivaretakinga og oppfølginga av norske veteranar.

Bakgrunn for saka

Deltaking i internasjonale operasjonar med personell frå Forsvaret, Justis- og Utenrikssektoren er ein viktig del av den norske forsvars- og tryggleikspolitikken.

Våre første veteranar frå internasjonale operasjonar, slik det vert definert i dag, var soldatane i Tysklandsbrigaden. I alt tenestegjorde ca. 50.000 norske soldatar i Tysklandsbrigaden og Tysklandskommandoen, den personellmessige største operasjonen. Deretter følger UNIFIL (Libanon) med 34.000 soldatar. Dei seinare åra har mange nye veteranar kome til etter mellom anna operasjonar på Balkan, i Afghanistan og i Mali.

Det er et samfunnsansvar å ivareta veteranar frå internasjonale operasjonar. Sidan 1947 har over 100.000 nordmenn tenestegjort i internasjonale operasjonar.

Gjennom ein felles veteranplan for kommunane på Haugalandet anerkjenner og verdset kommunane den innsatsen våre veteranar har gjort gjennom sine operasjonar, og vidare seier ein korleis kommunane både skal ivaretake og følgje opp veteranane og deira pårørande under og etter gjennomføringa av internasjonale operasjonar.

Saks- og faktaopplysningar

Det vedlagte utkastet til ein felles veteranplan for kommunane på byggjer på Stortingsmelding nr. 15 (2019-2020), og har vidare henta inspirasjon frå andre veteranplanar både i Rogaland og Vestland Fylke.

Planen skal oppfølge ulike mål, mellom anna verdsetje, ivareta og følgje opp vetaranane og deira pårørande, og vidare gjere det enklare for kommunane å fylla rolla som tenesteyter i denne samanheng. Gjennom planen skal ein få til auka samhandling i kommunane, og legge til rette for å nytte veterane som ein ressurs i lokalsamfunnet.

Planen er bygd opp etter 3 innsatsområde, og kvart av innsatsområda har ulike konkrete mål knytt til seg.

Innsatsområde 1 omhandlar anerkjenning og verdsetjing, og inneheld mellom anna markering av Frigjerings- og veterandagen 8. mai og FN dagen 24. oktober, samt bruk av veteranane sin kompetanse i nærmiljøet.

Innsatsområde 2 omhandlar ivaretaking av veteranar, born og familiar, og inneheld mellom anna tiltak knytt til Veterankontakt, informasjonsmateriell og omtale av Veteranhuset.

Innsatsområde 3 omhandlar oppfølging om omsorg, og seier mellom anna litt om oppfølging både gjennom skule og barnehage og gjennom kommunehelsetenesta.

Vedlagt planen ligg både ein oversikt over dei ulike tiltaka som følgjer av planen, og vidare ein oversikt over ulike tilbod til veteranar både nasjonalt og regionalt/lokalt.

Veteranhuset

Veteranforeininga på Haugalandet disponerar i dag eit hus i Austbøvegen i Karmsund i Karmøy Kommune. Foreininga har medlemmar frå kommunane som vert omfatta av den felles planen, og gjennom foreininga så vert det både tilbudd kamaratstøtte og ulike fellesaktivitetar for veteranar og deira pårørande. Foreininga betalar «kostpris» for å leige huset, og har så langt fått noko støtte gjennom Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner (NVIO), men denne støtta er usikker frå 2025. Veteranforeininga planlegg å organisere drifta av «veteranhuset» gjennom eit eige organisasjonsnummer framover, uavhengig av NVIO. Veteranforeininga driv i dag utan støtte frå kommunane, og drifta av huset vert gjort på dugnad.

Innkommne merknader/uttale frå partar

Utkast til felles veteranplan for kommunane på Haugalandet vart sendt på høyring til Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner, avdeling Haugalandet 2. mai 2024, og det vart gjennomført eit møte med foreininga måndag 13. mai, der planen vart gjennomgått, og der foreininga gav innspel til planen. Desse innspela er, så langt det er mogeleg, innarbeidd i framlegg til felles plan slik den ligg ved saka.

Vurdering

Norske veteranar har gjort ein uvurderlig innsats gjennom internasjonale operasjonar sidan 1947. Gjennom den felles veteranplanen vil kommunane på Haugalandet på ein betre måte kunne anerkjenne denne innsatsen og ivareta veteranane og deira pårørande. Veteranforeininga og NVIO avdeling Haugalandet får i dag ikkje nokon form for driftsstøtte frå kommunane, samstundes gjer dei ein god innsats, mellom anna gjennom både aktivitetar og arrangement, og ikkje minst gjennom kamaratstøtteordningane. Kommunedirektøren tilrår at kommunen yter ei årleg driftsstøtte til drift av «Veteranhuset» med kr. 1,- per innbygger frå 2025, forutsett at drifta av dette huset vert organisert gjennom eit eige organisasjonsnummer, og forutsett at tilsvarande støtte vert ytt frå øvrige kommunar som er omfatta av planen.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at den felles veteranplanen for kommunane på Haugalandet vert vedteken slik den ligg ved denne saka, og vidare at Vindafjord Kommune yter årleg driftsstøtte til drift av Veteranhuset med kr. 1,- per innbyggjer frå 2025, forutsett at drifta av huset vert organisert gjennom eige organisasjonsnummer og forutsett at tilsvarande støtte vert ytt frå øvrige kommunar som er omfatta av planen.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Vedlegg:

Felles veteranplan på Haugalandet